



Notat

Dato: 16.04.2018
Arkivsak: 2018/8643-5
Saksbehandlar: eliwarr

Til: Liz Eva Tøllefsen

Frå: Elizabeth Warren, Jostein Aksdal

Kulturminnegleg innspel - oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for offentleg områdereguleringsplan for Vossevangen, planid 2018001- Voss kommune

Kulturminne

Fylkeskonservatoren har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Voss kommune har starta opp arbeid med revidering av kulturminneplan for Voss. Parallelt med planarbeid er dei i gong med ei kulturhistorisk stadanalyse (DIVE) av Vossevangen. DIVE-analysen er ein måte å dokumentere, framheve og vurdere viktige kulturminne og kulturmiljø innafor planområdet. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser innafor planområde vert omtalt, verneverdiane vurdert og teken omsyn til i det vidare planarbeidet. Planprogrammet er eit godt grunnlag for det vidare arbeidet.

På Vossevangen finst det fleire kulturminne og kulturmiljø av høg verdi. Delar av Vossevangen er ført opp på Riksantikvaren sitt NB!-register over byar med kulturhistoriske bymiljø av nasjonal interesse. På Voss er desse interessene knytt til tettstadstrukturen og byplanen med byrom. Byplanen over Vangen er basert på "Brente Steders Regulering". By- og bygningsstrukturane i sentrum har både bygningar frå før 2. verdskrig og arkitektur etter krigen av nasjonal interesse. Korleis utstrekning av NB!-område på Vossevangen skal vere, bør takast opp i planarbeidet og DIVE-analysen i dialog med Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren.

Fleire bygg og kulturmiljø er regulert til vern eller vist som omsynssone. Det er viktig at omsynssonene vert vidareført i planarbeid og i områdeplanen. Utbygging kring jernbanestasjon med toghallen er eit viktig kulturmiljø å sikre. Arkitekturen som vart bygd rett etter krigen er ein karakteristisk og lågmælt arkitektur som underordnar seg landskapet. Samspelet og siktlinjer mellom bygningsmassen på Vangen vil difor være viktig i det vidare arbeidet.

Forholdet mellom den bevaringsverdige bygningsmassen og utviklinga av sentrum er heilt sentrale tema som må sjåast i samanheng. Dei framlagte planane må ikkje redusere opplevelinga av det einskilde kulturminne og det samla kulturmiljøet. Volum og høgde på den samla nye bygningsmassen må tilpassast .

Nær- og fjernverknad av utbyggingsområde til landskapsrommet og til eksisterande bygg i omgjevnadene må bli vurdert og teken omsyn til. Dei nye bygga må få proporsjonar som fungerer i samsvar med

omgjevnad og landskapsrom. Skalaen i eksisterande bygningsmiljø, når det gjeld høgde og bygningsvolum bør vidareførast. Planarbeid må sikre føresegner for utnyttingsgrad, utforming og høgde som ikkje går ut over områdets karakter og viktig kulturmiljø. Kommunen bør ta vare på eksisteande strandsone som er ein vesentleg del av kulturmiljøet i sentrum. Utviding av planområdet mot aust bør vurderast for å kunne ta høgde for eventuelt utviding av sentrums funksjoner ved «amfi».

Omsynssoner kulturmiljø

Freda kulturminne, som Voss kyrkje med mellomalder kyrkjegard og lensmannssteinen Askeladden-id 85868, 126179, og steinkors id 25683 må visast i plankartet som omsynssone d), bandlagt etter kulturminnelova, jf. pbl § 11-8 d) og § 12-6 (sosi kode H730).

Eksisterande omsynssoner for kulturminne innafor plangrense må sikrast i planen og eventuelle nye område som kjem fram gjennom DIVE-analysen må leggast til. Omsynssone C jf. pbl. § 11-8 c) og § 12-6 (sosi kode H570) kan brukast for sikringssona til automatisk freda kulturminne og for å sikre viktig kulturmiljø både dei som alt er regulert til vern og dei som DIVE-analysen peiker på som viktig å ta vare på. Omsynssone d) og c) må ha føresegner som sikrar kulturminnet. Omsynssone d) og c) skal kombinerast med andre arealformål, som t.d. friluft og grønstruktur.

Potensial for funn av urørte automatisk freda kulturminner innafor planområdet er relativ låg.

Hordaland fylkeskommune vil vurdere å fremje motsegn, dersom planen er i konflikt med nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Vi rår kommunen til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.